



Arkivnr: 2015/11453-134  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Styret for fagskolen i Hordaland		13.09.2018

### Klagenemnd for fagskolen i Hordaland

#### Samandrag

Etter at ny fagskulelov trådte i kraft, er det behov for å endre instruksen for den lokale klagenemnda for Fagskolen i Hordaland. Fagskolen i Hordaland og Høgskulen på Vestlandet har hatt felles klagenemnd i om lag eitt år, og det vert no føreslått at Kunstskolen i Bergen også nyttar denne klagenemnda. Såleis vil forslaga til endring av instruks omtale dette, og dessutan korrigeringar i referanse til lovparagrafar i fagskulelova.

#### Forslag til vedtak

Styret for Fagskolen i Hordaland vedtek følgjande instruks for den lokale klagenemnda for Fagskolen i Hordaland:

Styret for Fagskolen i Hordaland, styret for Høgskulen på Vestlandet (godkjent av rektor ved HVL) og styret for Kunstskolen i Bergen (heretter omtala som fagskulane) vedtek instruks for felles lokal klagenemnd. Fagskulane opprettar lokal klagenemnd med 5 medlemmer med personlege vara. Leiar og vara for leiar skal fylle dei lovbestemte krava for lagdommarar og ikkje vere tilsett ved fagskulane. To av medlemmene skal vere studentar. Den lokale klagenemnda innrettar seg etter fagskulelova og føresegner i forvaltningslova om habilitet i §§ 6-10, og om teieplikt i §§ 13-13 e, og dessutan forskrift for Fagskolen i Hordaland, forskrift for Yrkesdykkarutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet og forskrift om opptak, studier og eksamen for Kunstskolen i Bergen.

Den lokale klagenemnda skal handsama klager som er fremma etter enkeltvedtak gjort ved ein av fagskulane som underinstans (til dømes klager på opptak, avslag på søknad om fritak og godskrivning, formelle feil ved eksamen mm.). Vedtak som er fatta av den lokale klagenemnda i saker om fagskulane sine enkeltvedtak, er endeleg og kan ikkje påklagast.

Den lokale klagenemnda kan også fatte enkeltvedtak på vegner av styra etter §§ 23-27 i fagskulelova. Enkeltvedtak etter desse paragrafane vert gjort etter at sak er fremma av ein av fagskulane. Den lokale klagenemnda er underinstans, og den nasjonale klagenemnda for fagskuleutdanning er klageorgan for klager etter desse paragrafane.

Forvaltningslova kapittel III - VI og VIII gjeld for avgjerder om opptak, avsluttande vurdering, annullering av eksamen, bortvising, utestenging, skikkavurdering, innpassering og fritak.

I saker der ein av fagskulane er underinstans, skal fagskulen sørge for at klaga er ordentleg opplyst. Administrasjonen ved opplæringsavdelinga utfører sekretariatsfunksjonen for den lokale klagenemnda i alle saker.

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 24.04.2018**

Etter endring i fagskulelova er det naudsynt å justera instruks for den lokale klagenemnda ved Fagskolen i Hordaland. Jf. fagskulelova § 20 er det følgjande krav til den lokale klagenemnda:

**«§ 20.Klageorganer**

En fagskole skal opprette en lokal klagenemnd som skal behandle klager over enkeltvedtak. Styret kan bestemme at klagenemnda også skal behandle andre klagesaker fra studentene og saker etter §§ 23 til 27. Myndigheten til å treffe vedtak etter §§ 23 til 27 kan ikke delegeres til andre organer ved fagskolen.

Den lokale klagenemnda skal ha fem medlemmer med personlige varamedlemmer. Lederen og dennes varamedlem skal oppfylle lovens krav til lagdommere og skal ikke være ansatt ved fagskolen. To av medlemmene i klagenemnda skal være studenter.

Klagenemnda er vedtaksfør når lederen eller varamedlemmet for lederen og minst to andre medlemmer eller varamedlemmer er til stede.

Den lokale klagenemndas vedtak i saker som gjelder klage på fagskolens enkeltvedtak, kan ikke påklages.

Departementet kan gi forskrift om et nasjonalt klageorgan for fagskoleutdanning som skal behandle klager på enkeltvedtak på bestemte områder og om saksbehandlingen i klagesaker.»

Administrasjonen vil tilrå at styret framleis delegerer handsaming av klagesaker etter §§ 23-27 til den lokale klagenemnda. §§ 23-27 er saker om klage på formelle feil, annullering av eksamen eller prøve, bortvising eller utestenging, skikkavurdering og handsaming av politiattest.

Fagskolen i Hordaland og Høgskulen på Vestlandet har det siste året hatt felles klagenemnd for fagskoleutdanningane. Det er no også kome ein førespurnad frå Kunstskskolen i Bergen (KiB) om å vere del av den felles klagenemnda. Dette vil bidra til ein større variasjon i medlemmer i den lokale klagenemnda, og administrasjonen ved opplæringsavdelinga vil tilrå ei slik ordning. Jf. fagskulelova § 20 er det fagskolen som skal opprette klagenemnda, men det er styret som vedtek om nemnda skal handsame saker etter §§ 23 – 27. På bakgrunn av dette vert lista over medlemmer lagt fram, slik at styret er kjent med samansetninga. Lista manglar ein medlem og to varamedlemmar fordi desse ikkje er valt av studentane på dette tidspunktet, men kjem snarleg på plass.

Namn	Funksjon / kompetanse
Sunniva Schultze-Florey	Leiar / jurist (oppfyller dei lovfesta krava til lagdommarar)
Torill M. Flatebø	Medlem frå Fagskolen i Hordaland
Johnny Jensen	Medlem frå Dykkerutdanningen
Thomas Rimmereide	Medlem / student ved Fagskolen i Hordaland
«Ikkje valt»	Medlem / student ved Dykkerutdanninga
Kristine Angelsen	Vara for leiar / jurist (oppfyller dei lovfesta krava til lagdommarar)
Giulia Casella (FIH)	Vara for Flatebø
Turid Uldal (KIB)	Vara for Jensen
«Ikkje valt»	Vara for Rimmereide
«Ikkje valt»	Vara for «Ikkje valt»

Vidare følgjer forslag til oppdatert instruks i samband med utvidinga til tre fagskular, og endringane i fagskulelova (paragrafnummereringa).

**Forslag til instruks for lokal klagenemnd:**

Styret for Fagskolen i Hordaland, styret for Høgskulen på Vestlandet (godkjent av rektor ved HVL) og styret for Kunstscolen i Bergen (heretter omtala som fagskulane) vedtek instruks for felles lokal klagenemnd. Fagskulane opprettar lokal klagenemnd med 5 medlemmar med personlege vara. Leiar og vara for leiar skal fylle dei lovbestedte krava for lagdommarar og ikkje vere tilsett ved fagskulane. To av medlemmene skal vere studentar. Den lokale klagenemnda innrettar seg etter fagskulelova og føresegner i forvaltningslova om habilitet i §§ 6-10, og om teieplikt i §§ 13-13 e, samt forskrift for Fagskolen i Hordaland, forskrift for Yrkesdykkarutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet og forskrift om opptak, studier og eksamen for Kunstscolen i Bergen.

Den lokale klagenemnda skal handsama klager som er fremma etter enkeltvedtak gjort ved ein av fagskulane som underinstans (til dømes klager på opptak, avslag på søknad om fritak og godskriving, formelle feil ved eksamen mm.). Vedtak som er fatta av den lokale klagenemnda i saker om fagskulane sine enkeltvedtak, er endeleg og kan ikkje påklagast.

Den lokale klagenemnda kan også fatte enkeltvedtak på vegner av styra etter §§ 23-27 i fagskulelova. Enkeltvedtak etter desse paragrafane vert gjort etter at sak er fremma av ein av fagskulane. Den lokale klagenemnda er underinstans, og den nasjonale klagenemnda for fagskuleutdanning er klageorgan for klager etter desse paragrafane.

Forvaltningslova kapittel III - VI og VIII gjeld for avgjerder om opptak, avsluttande vurdering, annullering av eksamen, bortvising, utestenging, skikkavurdering, innpassering og fritak.

I saker der ein av fagskulane er underinstans, skal fagskulen sørge for at klaga er ordentleg opplyst. Administrasjonen ved opplæringsavdelinga utfører sekretariatsfunksjonen for den lokale klagenemnda i alle saker.